Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 29 | Fylke: N. Trøndelag

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Verdal

Emne: Høgtidsmat ved familiefestar | Bygdelag:

Oppskr. av: Johs. Dahl, | Gard:

(adresse): Verdal. | G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. tildels andre

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

## Høgtidsmat ved familiefester

A. Fødselen.

1 Det er framleis skikk og bruk at slegt, venner og grannar går med barselmat til kona som har fått eit barn.

2 Tildels kom mange samstundes, men di kom også aleine.

3 Noen avtale om kva dei skulle ha med var det veldig sjelden det gjordes. Dei ville helst ikkje at dei andre skulle vite kva dei hadde med.

4 Dei gav seg gjerne tid til barselkona hadde kome seg litt.

5 Den same kom ikkje meir enn ein gang.

6 Frå gamalt var det mjølkgrød eller rømmegraut, after med eit hardkokt egg oppi grauten.

7 Dei kom ikkje meir enn ein gang.

8 Før var det ein dall dei brukte til å ha grauten i. I dei siste 50–60 år bruker dei ein terrin av steintøy eller porselen, med lokk.

9 Dei kalla det barnsengmat.

10 Som regel var det kona sjølv som gjorde. Men var det noko i vegen med henne, kunne ho sende tenestgjenta eller dotter.

8310

11 Det var ikkje uvanleg at mennene var med, og ingen såg noko gale i det.

12 Dei fekk da traktering etter som dei hadde det til. Det vanlege var nok kaffe og smårebrød. Det kunne også vanke varm mat som kjøttkaker eller fiskeboller.
Det var ingen skilnad anten det var gut eller gjinte som var fødd.

13 Intet særskilt namn på slike gjestebod. Dei anførte namna er ikkje brukt her.

14 Under vanlige tilhøve fekk sendingsfolkene traktering når dei kom. Dei kom ikkje før barselkona var oppe.

15 Eg kjenner til at eit par ugifte mødre fekk barselmat, men det var ikkje vanleg.

16 Det er i dei siste 50 år at det er gått over frå graut til fine kaker og dels med krem. Og i staden for mjølkgraut er det no ymse slag fruktgraut.

17 Dei hadde tildels med eit klæplagg til den nyfødde.

18 Det er likeens som før i dette stykke

19 Det har altid vore eit lite selskap for fadderne og nære slektningar.

20 Dei kalla det helst barndåp — Vi var i barndåp hoss — —

21. Sendte tildels sendinger. Det var ikkje noen bestemt spiseseddel.

22,23 Alle som var bedne hadde ei lita gåve til dåpsbarnet, anten i penger eller eit klæplagg. — Nu for alle.

B. <u>Fødselsdag:</u>

24. For 60–70 år sidan var det helst mellom storfolk at fødselsdagen vart feira, både for born og vaksne.

8310

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

25. Dei heldt gjerne eit lite kalas kvar fødselsdag, men mest ved runde tal med større eller mindre gaver.

26. Nære slekt og venner blir bedne, men dei må vera budd på å ta imot ubedne som kjem og ynsker til lukke med dagen

27. Alle som kjem har med ei gåve, anten ei kake eller noko anna som dei veit dei ynsker seg. eller bruk for

28. Det var ingen serskilde retter dei brukte.

29. Det skal først og fremst vera kaffe, og der dei har det så sjølvlaga ~~fl~~ og blautkake med små lys som svarar til åra.

## C Konfirmasjon

30 Etter det ein veit har det vore litt fest ~~Konfirm~~ med konfirmasjonsdagen så lang tilbake folk kan minnast tilbake.

31 I dei siste 50-60 år er det kome meir i bruk og feire konfirmasjonsdagen.

32. Læraren til konfirmanten og presten, samt nære slekt og vener.

33 Nei ikkje sendinger, men gåver til konfirmanten

34 Konfirmanten får gaver av innbedne og andre som tildels sender blomster og kort

35 Det er ikkje serskilde retter eller kaker.

## D. Bryllaup

36 Festarøl har det kanskje vore for lengt tilbake men ingen minnest det no anna enn i namnet.

8310

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

IV

37 Det var nec for langt tilbake men ikkje no.
38 a. Det var gjerne 3 måltider i bryllaupsveren.
b. Smørbrød, sodd, fisk, steik, suppe.
c. Sodd skulle altid serveres.
d. For 2. og 3. dag var det ikkje so apolutt faste retter. Det kunne vera salt kjøt og pølse, siste dagen graut og fisk.
39. I sendingane var det kaker, kjøtt, smør ost og tildels gomme. Alle gjester hadde no ikkje akkurat det same, men kake hadde alle, den måtte vera med.
40 Smøret var i eit fat eller kanne og var krusa på ymse måter.
41 Bedemannen samla aldri inn noko.
42 Det vart i bygdespråket ~~Senninga~~ kalla Senninga.
43. Det var nokon av tenestgjentene eller ei av døtterne og brakte sendingane kvelden før.
44 Det var altid ein liten festlighet for dem som kom med sendingane - Sendingstausene) I bygdemål: Senningstausin.
45 Nei, sendingstausene fekk ikkje noko med heim
46. Ho som stod for maten var forgangskona
47 Det er no berre eindags-bryllaup, det har vorte so i dei siste 20 år.
48 I blant er det nokon som held bryllaup på hotell
49 Nokon reiser til byen og blir vigsla der. helst for å unngå å ha bryllaup
50 Det er vanlig at dei lisensiel for nokon gåver tilsendt.
51 Det er mykje sjeldan at dei held fest på årsdagen for bryllaupet, ikkje eingong dei runde tal. Men 25 og 50 års dag blir det halde fest.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

8310

## E Gravøl

52 Til likferd (gravøl) vart bedne, slekt, vener og grannar. Frå gamalt var det det ein mann (bedemann) som gjekk og bad gjestene munnleg, seinare hadde han med ei liste over alle som skulle bli bedne som han synte fram på kvar stad. Øvst på lista stod innbydinga.
53 Det var vanleg at det varde i 2-3 dagar. I 1860 åra var det etter ei storbondekone halde selskap ei heil veke. No er det over alt berre ein dag. 3 måltider var vanleg
54 Til frukost var det smør og bråd med pålegg av ost, gomme og tildels lapskaus.
Til middag ein kjøttrett og fisk. Til kvelds (nattmat) smørrebråd med kjøttkaker og poteter. Vart servert ved langbord
55 Det var ikkje noen serleg rett som ikkje skulle ikkje skulle serveres ved gravøl.
56 Hovudmålet hadde ikkje særskilt namn
57 Før var måltidene i heimen, da det ikkje var anna plass. No er det ofte i eit samlingshus
58 Sendingene hadde dei med seg.
59 Smørfata var pynta, ikkje noko anna.
60 Sendingene vart ikkje sendt på førehand.
61 Det var ingen skilnad på maten anten dei var gifte eller ugifte
62 Det var ingen brå overgang, men laga seg smått omsend til det vart endlare
63 Heilt utover til hundredårsskiftet vart det i same gravøl brukt brennevin og vin.
64 Nei gamle skikker heldt seg ikkje lenger ved gravøl enn ved andre gjestebud
65 Nar gjestene kjem i huset, får dei kaffe med kvitebrød og tildels smørrebrød. Etter jordfestinga middag, kaffe og kveldsmat.

8310

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

66 Det hender vel, men mykje sjeldan blir det bruk alkohol

67 For å unngå bryderi med førebuing og stell er det noen som har gravøl på hotell.

68 I dei siste 50-60 år har gjestene fått skriftleg innbyding.

69 I dei siste 30 år har det vorte vanleg å avertere dødsfall i bygdebladet, er det noen som er vidare kjent ogsa i andre blad.

F Nye fester

70 Nei ingen tradisjon om noen særskilt mat 17^a mai.

71 Dei aller fleste har feira morsdagen, sidan det ~~dagen~~ vart brukeleg

72 Farsdagen blir mindre feira.

73 dagen blir feira med kaker som er utpynta særskilt for dagen.

74 Dei tinger gjerne kaker med form og innskrift som dei sjølv finn på. Tildels har også bakarane laga kaker til dette bruk.

75 Dagen vart vel kjent ved reklame i avisene, og når noen tok til med å feire dagen, smitta det på andre, så det tilslutt vart vanleg

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 8310